



Anbjørn Høivik i dugnadsjobb for Festidalen

Også bøndene har mange fordeler ved å vera på nett- Det understrekar Anbjørn Høivik, bonde i Uskedalen, som er ein av initiativtakarane til eit kursopplegg på nyåret. Landbukskontoret står bak opplegget som skal få bøndene til å bruka internett meir aktivt i marknadsføring og nettverkbygging. Han driv garden på Kjærland saman med kona Margunn Eik og dei har eigen facebookside. Til dagleg er han også planleggjar i kommunen og er ellers aktiv på mange plan.

Anbjørn peikar på at dei på nett får ein ekstra kanal å satsa på i marknadsføringa og dei får dessutan drive folkeopplysning og gjera kommunikasjonen enklare mellom bøndene.

Han minnar om at ein som bonde har ansvar for å infomera samfunnet og skape eit godt omdømme. Kvinnherad er ein av dei mest aktive landbrukskommunane i fylket og og det må brukast for å gjera kommunen meir attraktiv for folk som vil flytta hit.

Det er 260 bønder i kommunen som søker om produksjonstilskot og det skjer elektronisk for 90 prosent av dei. Mange andre registreringar i næringa skjer også digitalt. Mange bønder nyttar internett allereie, men dei har ikkje eige heimesider.

No har Kvinnherad fått eigne landbrukssider på Facebook og det vert også etablert ei eiga lukka gruppe til informasjon og kjøp og sal.

8. januar er det kveldskurs om internett og marknadsføring som det fyrste av fleire kurs og temamøter utover vinteren

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen